
Fra: Siril Sylta
Sendt: 3. mars 2014 15:45
Til: gunnar.saetre@wks.no
Emne: Ang. vidare behandling av saker på gbnr 212/66, 68 Eikanger Øvre

Hei.

Viser til Dykker brev motteke i dag 3.3.2014.

Det vert frå denne sida lagt til grunn at varsel om søksmål etter twisteloven paragraf 5-2 vart retta til kommunen fordi ein ønska endring av aktuelle vedtak og fordi klagefristen var overskride.

At Lien har klagerett er ikkje tvilsamt, samtidig som det er klart – slik som vi ser det at - varselet stettar formkrava til klage, jf. tidligare.

Klagefristen er overskride, men kommunen har gitt oppreising for fristoverskridinga og tatt saken opp til klagebehandling, jf. tidlegare kommunikasjon.

At Lien har fått mulighet til å få vedtaka omgjort gjennom ordinær klagebehandling, er klart nok til hans fordel.

Dersom Lien ikkje ønskjer å nytte denne muligheten, men heller vil prøve gyldigheten av kommunen sitt vedtak gjennom domstolsbehandling, står han sjølv sagt fritt til det.

Lindås kommune har, som der går fram av vårt brev datert 06.02.2014, tatt sakene til klagebehandling, og sakene skal handsamast i Plan- og miljøutvalet 05.03.2014.

Slik vi forstår innhaldet i Dykker brev datert 03.03.2014, ønskjer De ikkje at saka vert underlagt klagebehandling i forvaltnigna og at saka ikkje skal handsamast i Plan- og miljøutvalet førstkommande onsdag. Klagesaka vert med dette avslutta.

Eg ber om snarleg tilbakemelding dersom dette er feil oppfatning frå vår side.

Med venleg helsing

*Siril Sylta
Konstituert fagleiar
Byggensak
Areal- og miljøeininger*